

Saksframlegg

Saksbehandlar: Astrid Lernes, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3719-2

Høyringsuttale - takstsøknad frå Førdepakken bomselskap AS

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Førdepakken bomselskap AS.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Takstsøknad frå Førdepakken bomselskap AS til Statens vegvesen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Statens vegvesen har 7. april 2016 motteke takstsøknad frå Førdepakken bomselskap AS. Søknaden omhandlar fastsetjing av bompengetakstane knytt til finansiering av vegprosjekta i Førdepakken. Søknaden er sendt på høyring til nabokommunane og til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter høyringsrunda vert søknaden sendt til Vegdirektoratet.

Takstane og rabattordningar er tilpassa felles takst- og rabattstruktur etter Stortinget sitt vedtak i statsbudsjettet for 2016. I tillegg er det gjort ei prisjustering frå 2013-kr til 2016-kr. Dei nye satsane er sett til 26 kr og 47 kr for høvesvis lette og tunge køyretøy. Med elektronisk brikke og gyldig avtale får lette køyretøy 20 % rabatt, og vil etter rabatt betale 20,80 kr per passering.

Fylkeskommunen har stilt sjølvskuldnargaranti på 600 mill. kr knytt til låneopptak som del-finansiering av utbyggingskostnadane i Førdepakken. Låneopptaka vert nedbetalt med bompenginntekter, og det er såleis viktig for fylkeskommunen at inntektsgrunnlaget i bomselskapet er realistisk.

Fylkesrådmannen meiner at takstjusteringane i utgangspunktet ikkje bør påverke inntektsgrunnlaget noko vesentleg, sett i høve det som er lagd til grunn tidlegare. Det vil vidare vere mogleg å gjere ei takstjustering etter eit års drift, då trafikkgrunnlaget vil vere meir kjend.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Førdepakken bomselskap AS slik den er utforma i vedlegg 1.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)